



6. november 2023

INFORMASJON TIL ARBEIDSGJEVAR

DAGSVERK KOROSTEN 2023-2024

Bakgrunnsinformasjon:

Elevane ved Ølen vgs har i fleire år hatt eit prosjekt (Dagsverk Korosten) der dei har arbeida for å hjelpe elevar i byen Korosten i Ukraina.

Prosjektet arbeider etter same målsetjing som Operasjon Dagsverk:

"Tanken bak Operasjon Dagsverk er at ungdomar i Norge skal gi ein dag av si utdanning og arbeide slik at ungdomar andre stader i verda skal få høve til å få ei utdanning."

Kjelde: http://no.wikipedia.org/wiki/Operasjon_Dagsverk.

Ølen vgs har ein forpliktande avtale for bruk av DK midlar i samråd med Korosten kommune/-skulesjefen og THK-stiftinga (Sergei Kovalchuk).

Arbeidsdagen for prosjektet er sett til ein skuledag i kvart skuleår. (13.nov. i 2023) Prosjekter har ei eiga arbeidsgruppe (DK-gruppe) som har ansvar i planlegging, informasjon og innsamling av pengar/kvitteringar etter arbeidsdagen dei åra dei er i DK-gruppa.

OBS:

Arbeidsgjevar (**Bedrift**) betalar anten eleven direkte, (som deretter betalar skulen) eller ber om tilsendt faktura frå skulen;

olen-vgs@skole.rogfk.no.

Oppdragets verdi er kr 400,-

Elevar kan vippse direkte til skulen sin vippskonto #514442 og velje DAGSVERK KOROSTEN

Privatpersonar kan vippse direkte til skulen sin vippskonto dersom dei i meldingsfeltet skriv inn **namn** og **klasse** til eleven dei betalar for.

